Vekeplan 5. trinn veke 45

Vekas beskjeder:

Då går me inn i ei ganske spesiell veke her på skulen...

Smart-veka som startar på tysdag, og varar til tysdag i veke 46. Då kjem ein jury som blant anna inkluderar ordføraren til oss for å bedømma prosjektet som elevane har arbeida med. Elevane får eit oppdrag som dei saman skal arbeida for å gjennomføra i grupper, der elevane er blanda på tvers av mellomtrinnet. I gruppene skal dei gjennom idèjakt, laga ein prototype, og ein presentasjon. Til slutt skal gruppene bli vurdert av juryen i fleire kategoriar som beste prototype, beste presentasjon og best samarbeid.

Så startar Haalands lesekonkurranse der elevane kjemper om tur til Ullevaal og landskamp i påsken 2026. Me har satt av minst ein time til lesing på skulen kvar dag. Og kjem denne veka til å bara gje leksa i å lesa minst 30 min heime i valgfri bok. Dette liknar på slik dei gjer det i resten av kommunen. Skal klassen likevel ha mulighet til å vinne, så trur eg det krevast meir lesing enn minimum. Så viktig at mange leser ekstra mykje heime. Reglane er slik at me ikkje må vera beste klasse i kommunen, men må vera blant dei 20% beste av klassane på mellomtrinnet for å vera med i lesinga. Lesinga skal registrerast i ein app som heiter "Bookbites". Der må ein leggjar til boka ein les. Og starta ein timer som tar tida når ein les. Elevane skal ha fått ein innføring i dette på skulen på førehand. Lærar har mulighet til å justera lesetid. Og det vil vera forventa at ein skal kunne fortelja litt om det ein har lese.

I tillegg startar også skulens tradisjonelle reflekskonkurranse denne veka. Viktig å kle opp elevane i refleks.





NB! Ta med gymklede til gym på fredag.
NB! Valgfag håndball har med seg innesko og gode klede til å bevege seg i på torsdag
NB! Underskrift på torsdagstest og vekeslutt. ***Hugs å levere inn på tida!***

Mål me arbeidar med:	
Sosialt mål	Eg kan arbeida roleg og konsentrert
Norsk	Eg klarer å lese i ein halv time Eg forstår det eg les
Matematikk	Eg kan bruka brøk i tal som er større enn 1 Eg veit kva ein uekte brøk og blanda tal er.
Smart	Eg har samarbeida godt i ei gruppa Eg har kome med nokre idear til oppdraget Eg har vore med å laga ein prototype Eg har vore med å laga ein presentasjon

Vekas sitat: **Life is 10% what happens to me and 90% how I react to it.** **(Charles Swindoll)**
"Grej og the week"-hint: **Utgår denne veka**

På måndag	**På tysdag**	**På onsdag**	**På torsdag**
Norsk: **Ta med underskrift på torsdagstesten.** **Lesing:** Les minst 30 minutt i ei valgfri bok. Hugs å registrera lesinga di på Bookbites	**Lesing:** Les minst 30 minutt i ei valgfri bok. Hugs å registrera lesinga di på Bookbites	**Lesing:** Les minst 30 minutt i ei valgfri bok. Hugs å registrera lesinga di på Bookbites	**Lesing:** Les minst 30 minutt i ei valgfri bok. Hugs å registrera lesinga di på Bookbites